


PARTSBREV ENKELSAK
Mottakarakar:

Det Kongelige Kommunal- og
regionaldepartement
Kommunenes Sentralforbund

Postboks 8112 Dep 0032 OSLO
Postboks 1378 Vika 0114 OSLO

Dykkar ref.
Vår ref.

2007000665-4/103 &86/NVB

Dato:

25.01.2008

**HØYRING SØRHEIMSUTVALGET - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE -
UTTALE FRÅ STORDAL KOMMUNE.**

Viser til skriv frå Kommunal- og regionaldepartementet, dagsett 26.10.07, samt brev frå KS datert 15.11.07.

Stordal formannskap handsama ovannemnde sak i møte den 23. januar d.å., og gjorde fylgjande vedtak under sak 005/08:

Konklusjon:

Kommunane har i dag ansvar for produksjon av nasjonale velferdstenester. Dette føreset at kommunane har ein viss stabilitet og forutsigbarheit i sine inntekter. Dersom Sørheimutvalet si fleirtalsinnstilling skulle verte vedteken - og som for Stordal kommune sin del får dei økonomiske følgjer som nemnt ovanfor - tek ein det for gitt at det vert innført varige kompensasjonsordningar eller minsteinntektsgarantiar som minst sikrar dagens inntektsnivå for dei små distriktkommunane dette gjeld.

Stordal kommune kan på ingen måte akseptere ei utvikling der nokre av dei minste distriktkommunane (Stordal kommune inkludert) får eit dramatisk inntektstap slik fleirtalsinnstillinga frå Sørheimsutvalet legg opp til.

Ei slik nedprioritering av småkommunane er distriktspolitikk på sitt verste – og vil i praksis føre til ufrivilljuge kommunesamanslåingar – på tvers av lokale ønskjer.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Stordal formannskap vedtek at ovanmene uttale/vurdering vert Stordal kommune sin uttale til Sørheimutvalet sin rapport "Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene".

FORM-005/08 VEDTAK:

Med utgangspunktet i eit framlegg frå Ole Johan Vidhammer og eit framlegg frå Jan Are Remme som gjekk på eit tillegg til rådmannen si innstilling, kom det i møtet fram fylgjande samla forslag til vedtak:

1. Stordal formannskap vedtek at ovanmene uttale/vurdering vert Stordal kommune sin uttale til Sørheimutvalet sin rapport "Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene".

Postadresse	Servicekontoret:	Telefaks	Sakshandsamar dir. tlf.	Avd. telefonnr.	Organisasjonsnr.
Postboks 115	70 27 91 00	70 27 91 01	70 27 91 03	70 27 91 00	00964980276
6259 Stordal	Bankgiro				
	3902.07.00711				
	E-mail adr.: postmottak@stordal.kommune.no				

2. Stordal formannskap vil sterkt understreke den uro som rådmannen gir til kjenne i si saksutgreiing ved ei omlegging av av det noverande regionaltilskotet, til eit nytt distriktstilskot, slik det ligg føre i Søheim-utvalet sitt forslag.

For Stordal kommune og for dei som bur i kommunen, er ein reduksjon i inntektsoverføringane med 2 mill kroner årleg svært dramatisk.

Eit slikt inntektstap vil gi ei tilsvarande svekking av dei lovpålagde velferdstenester som kommunen i dag yter til sine innbyggjarar.

Som eit døme kan ein nemne at eit slikt inntektstap, utgjer om lag like mykje som kommunen sine årlege nettokostnader ved barnehagedrifta.

Om ei slik omlegging vert gjennomført, vil dette vere eit av dei sterkaste sentraliseringsgrepa som ein har sett på lang tid.

For Stordal sin del, med ein av dei høgste prosentvise tilbakegangen i folketalet i heile Møre og Romsdal i 2007, vil ei slik omlegging vere eit svært negativt tiltak.

Og så lant Stordal formannskap kan sjå det, kan det heller ikkje vere korkje nasjonaløkonomiske, eller andre omsyn, som gjer ei slik omlegging naudsynt.


3. Stordal kommune kan på ingen måte akseptere ei utvikling der nokre av dei minste distriktskommunane (Stordal kommune inkludert) får eit dramatisk inntektstap slik fleirtalsinnstillinga frå Sørheimsutvalet legg opp til.
Ei slik nedprioritering av småkommunane er distriktpolitikk på sitt verste – og vil i praksis føre til ufriviljuge kommunesamanslåingar – på tvers av lokale ønskjer.
4. Formannskapet vil elles oppmode ordføraren om å ta kontakt med sine kollegaer i kommunar som vil kome i ein tilsvarande situasjon, for derved å søkje å få til ei mest mogleg samla haldning til forslaget.

Framlegget samrøystes vedteke

Dette til underretning.

Med helsing

Stordal kommune


Norunn Viset Busengdal
førstesekretær



- des folk bærer!

Endeleg vedtaksorgan: Formannskapet
Saksansvarleg.: Rådmann Leif Kirkebøe

Arkiv: 130 N & 83
Objekt:

Arkivsaksnummer
2007000651

SAKSGANG			
Saksnr	Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Sakshandsamar
004/08	Formannskapet	23.01.2008	LK

NASJONAL TRANSPORTPLAN 2010-2019 - INNSPEL/UTTALE FRÅ STORDAL KOMMUNE

Vedlegg i saka:

1. Skriv frå Statens Vegvesen til kommunane i Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal, dagsett 07.11.07.
2. Skriv frå Statens Vegvesen til kommunane i Møre og Romsdal, dagsett 03.12.07.

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

*

Saksopplysningar

I samband med utarbeidinga av Nasjonal Transportplan 2010 - 2019, har Statens Vegvesen - i påvente av at sentrale styresmakter tek avgjerd om korleis arbeidet med Nasjonal Transportplan skal organiserast i framtida - tilbydd seg å stå for arbeidet med handlingsprogrammet i Nasjonal Transportplan 2010 - 2019 (dei nye regionane vil ikkje vere operative før 1.januar 2010).

I det høve har no Statens Vegvesen Region Midt (som i dag omfattar Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal fylker) gitt kommunane i dei 3 fylka høve til å kome med innspel til planen/handlingsprogrammet.

Ein viktig del av det arbeidet som no står føre vil vere å kartlegger kommunane sine prioriteringar av tiltak på det nye regionale vegnettet. Av den grunn ynskjer Statens Vegvesen Region Midt at kommunane i regionen vurderar dei innspel dei har kome med ved tidlegare rulleringar av Nasjonal Transportplan og fylkesvegplanane.

Frå Statens Vegvesen si side er det såleis ynskjeleg at den einskilde kommune utarbeide ei prioriteringsliste for ynskte tiltak på det øvrige riksvegnettet og på fylkesvegnettet.

Stordal kommune gjorde seinast i 2004 – på førespurnad frå Statens Vegvesen – ei slik prioritering av tiltak på stamvegar og andre riksvegar med størst betydning for Stordal kommune, samt for mindre investeringstiltak i kommunen (k.sak nr 60/04):

Stam- og riksvegprosjekt med størst betydning for Stordal kommune:

- a): Rv 650 Ny trase Børdalslina (skal gjelde strekninga Viset - Giskemo)
- b): Rv 60 Rassikring Stranda - Hellesylt
- c): E 136 Møre og Romsdal - Oppland
- d): E 63 Heilårsveg Geiranger - Grotli

Mindre Investeringstiltak:

- a): Rv 650 Trafikksikringstiltak på Dyrkorn (m.a. betra avkøyrsløse til kommunevegen til Flåen-garden)
- b): Rv 650 Gang- og sykkelveg frå Øvrebust til Mo (m.a. betre avkøyrsløse til Øvrebust bustadfelt)

c): Rv 650 Vidareføring av igongsett MPG-tiltak gjennom Stordal

Når det gjeld framdrifta i arbeidet med Nasjonal Transportplan 2010 – 2019 vil denne grovt sjå slik ut:

- Statens Vegvesen, Jernbaneverket, Kystverket og Avinor vil den 17.januar 2008 legge fram eit felles forslag til Nasjonal Transportplan for 2010 - 2019.
- Dette forslaget vil så verte sendt ut på høyring til fylkeskommunane.
- Samferdselsdepartementet vil på grunnlag av etatane sitt forslag og innkomne uttalar utarbeide ei stortingsmelding om Nasjonal Transportplan som venteleg vil ligge føre ved årsskiftet 2008/2009 og bli handsama i Stortinget i løpet av vårsesjonen 2009.
- Etter at Nasjonal Transportplan 2010 - 2019 er handsama i Stortinget, skal det leggjast fram eit handlingsprogram for stamvegane og for det regionale vegnettet, der dei konkrete tiltaka i perioden vert fastsett.

Med spesiell vising til vedteken "Transportstrategi for gåande og syklende i Møre og Romsdal 2010 - 2019", vert kommunane i Møre og Romsdal eige skriv av 03.11.07 frå Statens Vegvesen/Møre og Romsdal bedt om å kome med tydelege innspel på det totale behovet for utbygging av gang- og sykkelveg i den einskilde kommune, såleis at desse vert sendt inn saman med dei andre vegprioriteringane til Statens Vegvesen.

Utover det som går på prioritering av konkrete tiltak, vert kommunane og gitt høve til å kome med innspel/vurderingar om det vil vere ynskjeleg/behov for endra ressursfordeling mellom investeringar, drift, vedlikehald eller ferge drift for h.h.t. stamveg og det regionale vegnettet for øvrig? Bør det satsast på store vegprosjekt eller meir på mindre investeringsprosjekt? Bør noverande ressursfordeling mellom stamveg og det øvrige vegnettet endrast?

Fristen for innspel er sett til 25.januar 2008.

Vurdering:

Ettersom ein i dag ikkje sit inne med konkrete opplysningar om korleis den totale ressurstilgangen fordeler seg på dei ulike sektorane/områda som vert omfatta av handlingsdelen i Nasjonal Transportplan eller korleis denne fordelinga vil vere i komande planperiode, vil det vere vanskeleg for kommunen å ha klare oppfatningar om det bør gjerast endringar i denne fordelinga eller ikkje.

Det ein likevel har ei klar oppfatning av, er at mange store nye veg- og tunnelprosjekt dei seinare åra har lagt beslag på svært store ressursar og at dette har bidratt til at mindre investeringstiltak og vedlikehald på eksisterande vegnett har vorte skadelidande.

Det vil i ein slik samanheng og vere viktig å sjå dei ulike transporttilboda i samanheng, og ikkje minst ta inn over seg transportsektoren sitt ansvar og utfordringar i eit miljø- og klimaperspektiv. Ein kan vanskeleg sjå at ei vidare utbygging av vegnettet i- og inn mot dei større byane og andre tettbefolka område vil vere løysinga for transportproblema i desse i områda i framtida - og endå mindre ei løysing av miljø- og klimaproblema.

I staden for utbygging av nye og større vegar i desse områda, bør kollektivtilbodet betrast/utbyggjast, såleis at større delar av vegressursane vert kanalisert til dei områda av landet der mindre folketettleik og andre tilhøve gjer det vanskeleg å etablere eit tilfredsstillande kollektivtilbod.

Det er i desse distrikta – også i vårt - eit stort etterslep i høve til mindre nyanlegg, rassikring, strekvisse utbetringar på eksisterande vegar og ikkje minst i utbygging av gang- og sykkelveg langs strekt trafikkerte vegar.

Ettersom det innan Stordal kommune sine grenser ikkje er aktuelle stamvegprosjekt eller større uløyste riksvegprosjekt, vil kommunen måtte sjå utover kommunegrensene og prioritere prosjekt som har størst betydning for Stordal kommune.

Elles vert det for kommunen å ta med- og prioritere mindre investeringsprosjekt på/langs riksveg 650 og fylkesveg 101 mellom Mo og Overøye.

Nærare grunngjeving for aktuelle tiltak i kommunen:

Rv 650 Trafikksikringstiltak på Dyrkorn (m.a. betra avkøyrsløse til kommunevegen til Flåen-garden).

Vanskelege siktilhøve ved avkøyrsløse til Flåen-garden samanhalde med registrert stor fart mellom tunnelopningane på Dyrkorn (til tross for skilta 50-sone), skapar svært trafikkarlege situasjonar ved avkøyrsløse frå kommunevegen og inn på riksvegen. Ytterlegare "sikringstiltak" er heilt nødvendig.

Rv 650 Vidareføring av igongsett MPG-tiltak gjennom Stordal.

Etter at veg- og tilliggjande almeningsområde ved kaiområdet i Stordal vart opprusta for nokre år sidan, står det att MPG-tiltak på den resterande strekninga gjennom sentrumsområdet i Stordal. Stor- og sterkt veksande biltrafikk gjennom Stordal har auka behovet for snarlege tiltak, både for gåande og andre som ferdast på-, ved- eller har sitt tilhald i området som grensar inn mot riksvegen i dette området.

Rv 650 Gang- og sykkelveg Øvrebust - Mo (herunder betra avkøyrsløse til Øvrebust bustadfelt).

Som fylgje av den store- og sterkt aukande biltrafikken gjennom Stordal, har det over tid avteikna seg eit sterkt behov for ei vidareføring av gang- og sykkelvegen frå Øvrebust til Mo. Mellom oppsitarane langs denne strekninga er det danna ei interessegruppe for ei slik vidareføring. Grunneigarar langs vegen har stilt seg positive- og sogar gitt tilbod om masse. Stordal kommune har gjort vedtak om å stille gratis tunnelmasse til disposisjon for tiltaket, og kommunen har på ulikt vis søkt finne kreative løysingar for kunne forsere utbygginga av denne gang- og sykkelvegen. I samråd med vegvesenet har Stordal kommune påtatt seg- og er no iferd med å avslutte arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan for prosjektet.

Ein gang og sykkelveg på denne strekninga er i tråd med intensjonane i "Gang- og sykkelveg-strategi for Møre og Romsdal 2010-2019".

Viktige moment som kjem fram i planen – og som er heilt i tråd med dette gang og sykkelveg-prosjektet er: Retten til veg (juridisk og etisk perspektiv), universell utforming, fysisk og psykisk helse, bulyst og trivsel (I Møre og Romsdal er bulyst eit hovedsatsingsområde), sykkelturisme, miljø og samfunnsøkonomi.

I planen – pkt 5.3 Prioritering – sitat: " ..i første omgang må følgjande kriterie tilleggast størst vekt i prioriteringane: "

- "I ein radius på 4km rundt grunnskular og 6 km rundt vidaregåande skular" Dette prosjektet vil omtrent akkurat støtte dette kriteriet – avstand 4km frå Stordal skule. Slik Stordal kommune oppfatar planen er dette kriteriet det aller viktigaste.
- "Samanhengande gang- og sykkelvegnett i bygder/mindre lokalsamfunn" Dette prosjektet vil knyte nedre del av Stordal saman med øvre del av Stordal – eit viktig moment, med alle positive sider dette fører med seg.

Med dette som utgangspunkt, samt den store trafikkauken langs riksvegen, derav ikkje minst auken i tungtrafikk, samt det store engasjementet som er vist av bygdefolket og kommunen sine positive vedtak - må dette prosjektet no prioriterast.

Rv 650 Gang- og sykkelveg Mo - Ekre.

Etter at Stordal kommune for nokre år sidan – som ei av dei første kommunane i landet – gjennomførde eit vellukka rekrutteringsprosjekt for nederlendarar, har fleire nederlandske barnefamiliar no busett seg i Rødsetdalen (på Ekre) i Stordal. Saman med andre barnefamiliar som er busett i dette dalføret, ser ein i dag eit klart behov for ei vidareføring av gang- og sykkelvegnettet til også å omfatte dette dalføret. Vegen gjennom dette dalføret "innbyr" til relativt stor fart, og trafikken gjennom Stordal er stor- og sterkt aukande. Det har skjedd alvorlege trafikkulukker på vegstrekninga.

Fv 101 Mo - Overøye (opprusting og breiddeutviding):

Etter at fylkesvegen mellom Mo og Overøye for nokre år sidan vart opprusta og dekkelagt, har vegen tent som tilkomstveg til eit av dei mest besøkte rekreasjons- og friluftsområda i fylket på ein god måte. Dei seinare åra har ein imidlertid sett ei utvikling i besøksstalet til dette området som langt har overstege det ein såg føre seg då vegen vart opprusta. Forutan å tene som tilkomstveg for eit betydeleg antal utbygde fritidshus/hytter i Almås/Overøye/Langsæterområdet, er det spesielt dagsturbesøket til området som har "eksplodert" dei siste åra. P.g.a. store oppståtte parkeringsproblem i enden av vegen (Overøye), måtte kommunen i samarbeid med Møre og Romsdal fylke og Direktoratet for naturforvaltning i 2005/2006 gå til utbygging av- og ei dobling av kapasiteten på den offentlege parkeringsplassen på Overøye (til ca 400 plassar). Bakgrunnen for fylket og direktoratet sin medverknad i dette, er Overøye/Langsæterområdet sin status som regionalt friluftslivsområde. Det er spesielt området sin attraktivitet på vinterstid som har utløyst den store besøksauken. Etter at Stordals- og Dyrkorntunnelen kom på plass, har dette ytterlegare bidratt til at dette området vorte meir tilgjengeleg og attraktivt - ikkje minst frå innbyggjarane i Ålesund og i dei folkerike områda kring Ålesund.

Som følge av dette vil det no vere behov for ei ytterlegare- og snarleg opprusting (og spesielt breiddeutviding) av fylkesvegen frå Mo til Overøye. Dersom ei slik generell breiddeutviding ikkje kan realiserast rimeleg snart, bør det i alle høve avsetjast midlar til å auke antal møteplassar slik at største problema kan avhjelpast. Det må tilføyast at vegen også er tilkomstveg for fast busetnad i Nørdalen, der fleire driv aktiv næringsverksemd(jordbruk) samt er tilkomstveg til større fellesfjøs i drift på Langsætrane sommarhalvåret.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Stordal kommune vil prioritere fylgjande tiltak i høve utarbeidinga av Nasjonal Transportplan 2010 – 2019 – Handlingsdelen :

Stam- og riksvegprosjekt med størst betydning for Stordal kommune (utanfor kommunen):

- 1): Rv 650 Ny trase Børdalslina (gjeld strekninga Viset - Giskemo)
- 2): Rv 60 Rassikring Stranda - Hellesylt
- 3): Rv 63 Rassikring Eidsdal - Geiranger
- 4): E 136 Møre og Romsdal - Oppland
- 5): Rv 63 Heilårsveg Geiranger - Grotli

Mindre investeringstiltak (i kommunen):

- 1): Rv 650 Trafikksikringstiltak på Dyrkorn (m.a. betra avkøyrsløse til kommunevegen til Flåen-garden)
- 2): Rv 650 Vidareføring av igongsett MPG-tiltak gjennom Stordal

Gang- og sykkelveg (i kommunen):

- 1): Rv 650 Gang- og sykkelveg frå Øvrebust til Mo (herunder betre avkøyrsløse til Øvrebust bustadfelt)
- 2): Rv 650 Gang- og sykkelveg frå Mo til Ekre

Tiltak på fylkesveg (i kommunen):

- 1): Fv 101 Mo - Overøye (opprusting og breiddeutviding)

2. Grunngevinga for dei aktuelle/skisserte tiltaka i kommunen, går fram av vurderinga ovanfor.

FORM-004/08 VEDTAK:

Ordføraren la i møtet fram forslag om eit tillegg i grunnjevingsdelen for det som gjeld gang- og sykkelvegen Øvrebust – Mo, som vart å innarbeide.

Framlegg til vedtak frå ordføraren:

Som rådmannen si innstilling, men med den endring at det kjem inn fylgjande nytt punkt 2 under "Stam- og riksvegprosjekt med størst betydning for Stordal kommune (utanfor kommunen)" :

E39/ E139 - Krabbefelt Ørskogfjellet.

Framlegget samrøystes vedteke.

Etter dette låg det føre fylgjande vedtak i saka:

1. Stordal kommune vil prioritere fylgjande tiltak i høve utarbeidinga av Nasjonal Transportplan 2010 – 2019 – Handlingsdelen :

Stam- og riksvegprosjekt med størst betydning for Stordal kommune (utanfor kommunen):

- 1): Rv 650 Ny trase Børdalslina (gjeld strekninga Viset - Giskemo)
- 2): E39/E139 Krabbefelt Ørskogfjellet
- 3): Rv 60 Rassikring Stranda - Hellesylt
- 4): Rv 63 Rassikring Eidsdal - Geiranger
- 5): E 136 Møre og Romsdal - Oppland

6): Rv 63 Heilårsveg Geiranger - Grotli

Mindre investeringstiltak (i kommunen):

- 1): Rv 650 Trafikksikringstiltak på Dyrkorn (m.a. betra avkøyrsløse til kommunevegen til Flåen-garden)**
- 2): Rv 650 Vidareføring av igongsett MPG-tiltak gjennom Stordal**

Gang- og sykkelveg (i kommunen):

- 1): Rv 650 Gang- og sykkelveg frå Øvrebust til Mo (herunder betre avkøyrsløse til Øvrebust bustadfelt)**
- 2): Rv 650 Gang- og sykkelveg frå Mo til Ekre**

Tiltak på fylkesveg (i kommunen):

- 1): Fv 101 Mo - Overøye (opprusting og breiddeutviding)**

- 2. Grunngevinga for dei aktuelle/skisserte tiltaka i kommunen, går fram av vurderinga ovanfor.**
-